Møteprotokoll

Utval:	Stord kommune, Kontrollutvalet
Møtestad:	Stord rådhus, Kommunestyresalen
Dato:	09.03.2026
Tid:	14:00 – 16:30

Følgjande faste medlemer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Tarjei Aamot Haga	Leiar	AP
Nils Magne Blålid	Nestleiar	SV
Fredrik Litleskare	Medlem	H
Randi Høgås Nesse	Medlem	UAVH

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Inga Margrethe Fagerbakke	MEDL	AP

Følgjande varamedlemer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Jim Ryen	Inga Margrethe Fagerbakke	AP

Andre som møtte:
Malene Hopsdal Grønningen, Vestland fylkeskommune
Anne Kristin Meyer, Vestland fylkeskommune
Annbjørg Ryssdal, Deloitte (Til PS 11/26)
Ørjan Johannessen BDO, (Til PS 11/26)
Anne Karin Fossdal, Stord kommune (Til PS 2/26)
Jon Eirik Kvalnes, Stord kommune (Til PS 4/26)

Tarjei Aamot Haga
utvalsleiar

Malene Hopsdal Grønningen
utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 2/26	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 3/26	Godkjenning av protokoll frå møte 03.12.2025	2023/470	
	Politiske saker		
PS 1/26	Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporten - Forvaltningsrevisjon av psykisk helse- og rustjenester	2024/98	
PS 2/26	Orientering om Hamna kontaktsenter	2026/11	
PS 3/26	Eigarskapskontroll av overordna eigarskapsforvaltning - oppfølging	2023/355	
PS 4/26	Kommunedirektøren orienterer om arbeid med etikk og missleg framferd i Stord kommune	2023/354	
PS 5/26	Oppstart av forvaltningsrevisjon av heimebaserte tenester	2025/15	
PS 6/26	BDO presenterer interimsrevisjonsrapport for 2025	2023/476	
PS 7/26	Kurs i regi av Deloitte AS i 2026	2026/9	
PS 8/26	Årsmelding 2025 for Stord kontrollutval	2024/49	
PS 9/26	Orientering om årsrekneskap og årsberetning for Stord hamn	2023/476	
PS 10/26	Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune	2023/472	
PS 11/26	Eventuelt	2023/468	
	Referatsaker		
RS 1/26	Høringsmøte om Veileder for kontrollutvalgets påseansvar for kontroll med økonomiforvaltningen, 5. mars	2023/477	

GK 2/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 09.03.2026 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det var ingen merknader til innkalling og saksliste.

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjent.

GK 3/26 Godkjenning av protokoll frå møte 03.12.2025

Forslag til vedtak

1. Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 03.12.2025 vert godkjent.

Saksprotokoll 09.03.2026 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det framkom ikkje merknader til protokoll frå møte 03.12.2025.

Vedtak:

Protokoll frå møte 03.12.2025 vart godkjent.

PS 1/26 Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporten - Forvaltningsrevisjon av psykisk helse- og rustjenester

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet registrerer at kommunen har starta opp forbetringsarbeidet etter forvaltningsrevisjon men at det står att ein del arbeid.

2. Kontrollutvalet ber kommunedirektøren om å gi skriftleg status til maimøtet 2026, med særleg vekt på dei måla der det pågår aktivt forbetringsarbeid.

Saksprotokoll 09.03.2026 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kommunalsjef Anne Karin Fossdal gav ei orientering. Ho informerte om følgjande

- Handlingsplanen blir oppdatert jamleg.
- Det er etablert systematikk for kontinuerleg forbetring.
- Følgjande innsatsområder er prioriterte:
    1. Samarbeid og rutinar mellom tildelingskontoret og eininga for psykisk helse og rus, for å tydeleggjere ansvarsfordelinga.
    2. Koordinering av tenester, inkludert arbeid med individuell plan og samtykke. Dette omfattar og kompetanseutvikling, fagdagar og relevante læringsverktøy.
    3. Samarbeid med spesialisthelsetenesta, med klargjering av forventningar til korleis partane skal arbeide saman.
    4. Styrking av sakshandsaming, med mål om meir strukturert praksis og reduksjon av restansar.
    5. Prioritering av ressursbruk for å sikre betre kapasitetsutnytting.
    6. Brukarmedverknad og pårørandesamarbeid, som ein sentral del av kvalitetsarbeidet.

Kontrollutvalet uttrykte tilfredsheit med det omfattande arbeidet som er gjennomført, men etterlyste ei meir presis oversikt over status for gjennomførte tiltak.

Sekretariatet peika på at ei oppdatert rapportering frå kommunedirektøren på eit seinare tidspunkt vil vere meir føremålstenleg, og føreslår difor at neste statusrapportering blir utsett.

Vedtak

1. Kontrollutvalet registrerer at kommunen har starta opp forbetringsarbeidet etter forvaltningsrevisjon men at det står att ein del arbeid.
2. Kontrollutvalet ber kommunedirektøren om å gi skriftleg status til møte 09.09.2026, med særleg vekt på dei måla der det pågår aktivt forbetringsarbeid.

PS 2/26 Orientering om Hamna kontaktsenter

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

Saksprotokoll 09.03.2026 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kommunalsjef Anne Karin Fossdal orienterte om følgjande:

- Prosessen blir følgd opp i tråd med kommunens rutinar for nedbemanning.
- Personalavdelinga følgjer prosessen tett i samarbeid med tillitsvalde og avdelingsleiinga.
- Det er gjennomført ROS-analyse. Risikoane som er identifiserte, har fått tilknytte tiltak, fleire av dei er alt sette i verk.
- Det er gjennomført mellom anna brukarmøte, faste statusmøte og vekentlege samarbeidsmøte med tilsette. Det blir vurdert som mogleg å oppretthalde gode tenester ved Hamna kontaktsenter.
- Driftsutfordringar er avdekte, men einingа har over tid hatt redusert bemanning utan negative konsekvensar for tenestene.
- Tilsette har fått høve til å kome med innspel i prosessen.

Kontrollutvalet gav uttrykk for at dei gjerne ønskte litt meir innsikt i korleis prosessen har vore handtert, og personalsjef supplerte.

Forslag til vedtak vart samrøystes.

Vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

PS 3/26 Eigarskapskontroll av overordna eigarskapsforvaltning - oppfølging

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber kommunedirektøren om ei skriftleg orientering om korleis nye kvalitetsindikatorar knytt til styrekompetanse og rapportering har fungert i praksis, herunder om det er vurdert å justere sjekklista for eigarskapsforvaltning med det mål å fanga opp fleire kvalitetsindikatorar slik at oppfølginga vert endå meir målretta og effektiv. Orienteringa vert å sende sekretariatet innan 28.10.2026 slik at saka kan behandlast i kontrollutvalet sitt møte 25.11.2026.

Saksprotokoll 09.03.2026 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ber kommunedirektøren om ei skriftleg orientering om korleis nye kvalitetsindikatorar knytt til styrekompetanse og rapportering har fungert i praksis, herunder om det er vurdert å justere sjekklista for eigarskapsforvaltning med det mål å fanga opp fleire kvalitetsindikatorar slik at oppfølginga vert endå meir målretta og effektiv. Orienteringa vert å sende sekretariatet innan 28.10.2026, slik at saka kan behandlast i kontrollutvalet sitt møte 25.11.2026.

2. Kontrollutvalet ber om oppdatert status på sjekkliste for nøkkelspørsmål for selskap med kommunalt eigarskap til same møte.

PS 4/26 Kommunedirektøren orienterer om arbeid med etikk og missleg framferd i Stord kommune

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.
2. Utvalet ber om ny informasjon til utvalet sitt første møte i 2027.

Saksprotokoll 09.03.2026 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Personal- og organisasjonssjef Jon Eirik Kvalnes gav ei orientering om status og dei tiltaka som er gjennomførte så langt.

Det vart stilt spørsmål frå kontrollutvalet, som administrasjonen svara ut. Kontrollutvalet uttrykte ros til administrasjonen for arbeidet som er gjort.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.
2. Utvalet ber om ny informasjon til utvalet sitt første møte i 2027.

PS 5/26 Oppstart av forvaltningsrevisjon av heimebaserte tenester

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet vedtek at forvaltningsrevisjon av heimebaserte tenester startar opp.

2. Kontrollutvalet ber revisor leggja fram oppdatert framdriftsplan for handsaming i kontrollutvalet. Framdriftsplanen skal sendast sekretariatet seinast 25.03.2026, slik at saka kan behandlast i møtet 08.04.2026.

Saksprotokoll 09.03.2026 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Annbjørg Ryssdal orienterte på vegner av Deloitte.

Det blei informert om at Deloitte starta det vidare arbeidet allereie i januar 2026, og la fram status for arbeidet så langt samt plan for den vidare prosessen. Det blei vidare informert om at intervju no blir avtalte og skal gjennomførast i veke 13, og at framdriftsplanen vil bli presentert for kontrollutvalet i septembermøtet.

Kontrollutvalet stilte spørsmål til Deloitte og delte synspunkt og refleksjonar knytte til revisjonsarbeidet.

Sekretariatet merkte seg at Deloitte alt har starta opp arbeidet, og vurderte det derfor som unødvendig for kontrollutvalet å vedta oppstart av forvaltningsrevisjonen.

Sekretariatet tilrådde i staden at kontrollutvalet vedtek å ta informasjonen til orientering og ber Deloitte leggje fram ein oppdatert framdriftsplan i neste møte.

1. Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

2. Kontrollutvalet ber revisor leggja fram oppdatert framdriftsplan for handsaming i kontrollutvalet. Framdriftsplanen skal sendast sekretariatet seinast 25.03.2026, slik at saka kan behandlast i møtet 08.04.2026.

PS 6/26 BDO presenterer interimsrevisjonsrapport for 2025

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tar oppsummering etter interimsrevisjon 2025 for Stord kommune frå BDO til orientering.

Saksprotokoll 09.03.2026 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Rekneskapsrevisor Ørjan Johannessen presenterte interimsrevisjonsrapporten for kontrollutvalet på vegner av BDO.

Det vart stilt spørsmål frå kontrollutvalet, som Johannessen svara ut.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar oppsummering etter interimsrevisjon 2025 for Stord kommune frå BDO til orientering.

PS 7/26 Kurs i regi av Deloitte AS i 2026

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at Deloitte gjennomfører kurs innan ..... i samband med møte i kontrollutvalet ……2026.
2. Sekretariatet vert beden om å ta seg av alt det praktiske med organisering, kunngjering og avvikling av kurset, gjerne i samarbeid med administrasjonen i Stord kommune.

Saksprotokoll 09.03.2026 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det vart i møtet diskutert tre moglege kurs som kan vere aktuelle for kontrollutvalet:

1. Korrupsjon og mislegheiter i forvaltningsrevisjon.

2. ROBEK.

3. Arkivering og journalføring.

Avslutningsvis valde kontrollutvalet kursalternativ nummer 1, då dette var det alternativet fleirtalet ønskte.

Annbjørg Ryssdal frå Deloitte orienterte kort og svarte på spørsmål frå utvalet.

Det vart drøfta ulike aktuelle tema for kurs og orientering.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at Deloitte gjennomfører kurs nr 21. med tema korrupsjon og mislegheter i forvaltningsrevisjon i samband med møte i kontrollutvalet 13. mai 2026.

2. Sekretariatet vert beden om å ta seg av alt det praktiske med organisering, kunngjering og avvikling av kurset, gjerne i samarbeid med administrasjonen i Stord kommune. Kontrollutvalet inviterer administrasjonen i Stord kommune til å delta på kurset.

PS 8/26 Årsmelding 2025 for Stord kontrollutval

Forslag til innstilling

1. Kommunestyret godkjenner årsmelding 2025 for kontrollutvalet i Stord kommune.

Saksprotokoll 09.03.2026 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kontrollutvalet hadde ein merknad til lista over vararepresentantar, og dette vil bli retta i den endelege versjonen av årsmeldinga.

Vedtak til innstilling vart samrøystes.

Innstilling

Kommunestyret godkjenner årsmelding 2025 for kontrollutvalet i Stord kommune.

PS 9/26 Orientering om årsrekneskap og årsberetning for Stord hamn

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

Saksprotokoll 09.03.2026 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Sekretariatet orienterte kort om saka, og svarte på spørsmål frå utvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

PS 10/26 Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering

Saksprotokoll 09.03.2026 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Utvalet orienterte om relevante saker frå sine respektive politiske organ.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tek protokollane til orientering.

PS 11/26 Eventuelt

Forslag til vedtak

1. Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll 09.03.2026 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Nils Magne Blålid orienterte om opphaldet sitt på folkevaldopplæringa på Solstrand. Sekretariatet supplerte med utfyllande informasjon.

Deloitte orienterte om framdrift på eigarskapskontroll.

Møtet vart deretter lukka i sak 11/26, etter kommunelova § 11-5.

Vedtak

1. Informasjonen vert teken til orientering.

RS 1/26 Høringsmøte om Veileder for kontrollutvalgets påseansvar for kontroll med økonomiforvaltningen, 5. mars

Saksprotokoll 09.03.2026 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes.

Vedtak:

Referatsaka vart teken til orientering.